Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Lokale tilpassingar for utdeling av LAM (lokale aktivitets midlar)

Ørsta idrettsråd

Lokale aktivitetsmidlar (LAM) er ei tilskotsordning frå Kulturdepartementet (KUD) spesifikt retta mot lokale lag og foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for born og ungdom.

Målsetting med ordninga

Målet med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte lag og foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for born og ungdom. Det er laga sine primæraktiviteter som skal støttast. Det er mål at ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga og bidra til å halde kostnadane ved deltaking i idrett og fysisk aktivitet nede.

Målgrupper

Midlane skal nyttast til lokale lag og foreiningar sine arbeid for born (6-12 år) og eller ungdom (13-19 år).

Fordelinga av LAM

Det er idrettsråda som fordeler LAM til idrettslaga i sine kommunar etter retningslinjer frå KUD og krav og anbefalingar frå NIF.
Idrettsråda sine fordelingskriterier skal fastsetjast på idrettsråda sine årsmøte, med medlemstal og/eller aktivitetstal for born, ungdom, parautøvarar (6-19 år) og idrettsskule (allidrett, 6-10 år) frå samordna rapportering som blir brukt som basisgrunnlag for fordelinga.

Dersom idrettslag ynskjer å vite meir om den lokale fordelinga, kan dei ta kontakt med sitt idrettsråd.

Utbetaling

Kulturdepartementet fastsett beløpa som er til fordeling basert på innbyggjartalet for barn og ungdom i kvar kommune. NIF mottek tildelingsbrev i mai kvart år. Etter det sender NIF ut brev til idrettsråda.
Idrettsråda må foreta fordelinga til idrettslaga i si kommune frå 15. august til 15. november. NIF

betaler ut pengane til idrettslaga fortløpande to gonger per månad (10. og 25.) i perioden 25. august til 10. desember. Idrettslaga mottek beløpet i si heilheit i ein omgang.

KUD sine retningslinjer som idrettsråda må følje:

a) Tilskot skal kun gis til lag som har idrett eller fysisk aktivitet som sitt hovud-formål, og driv idrettsleg verksemd for born og/eller ungdom.
b) Lag som mottek tilskot skal vere sjølveigne og frittståande foreiningar, med berre personlege medlemmar.
c) Alle lag som tilfredsstill krava i punkt a) og b), og som er medlemmer i Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité (NIF), har krav på tilskot. I tillegg skal idrettsråda vurdere om andre foreiningar som oppfyller krava i punkt a) og b), skal bli tildela tilskot.
d) Midla skal brukast til aktivitet for born og ungdom. Idrettsråda skal sikre at minst ⅓ av midlane tilfell kvar målgruppe.
e) Tilskotsmidlane skal i si heilheit bli tildelt og bli utbetalt til laga. Midlane skal ikkje nyttast til administrasjon av ordninga, eller til aktivitet i regi av idrettsråda.
f) Likestilling i vid forstand, herunder omsyn til utøvarar med spesielle behov (blant anna utøvarar med nedsett funksjonsevne), samt inkludering av born og ungdom som i liten grad deltek i organisert idrett, skal ivaretakast ved fordelinga.
g) Tilskot frå ordninga skal ikkje kunne danne grunnlag for fortenestebaserte eigarformer eller bli omdanna til forteneste for private eigarar.
h) Idrettsrådet sin avgjerd skal vere offentleg, og det skal gå klart fram kva kriterium som ligg til grunn for tildelinga.

NIF sine krav som idrettsråda må følje:

- Idrettsrådet må fastsetje eigne tildelingskriteria basert på KUD sine kriteria, NIF sine krav og anbefalingar, samt lokale forhold. Idrettsråda må ha eigne tildelingskriteria slik at idrettslaga og drettskretsen kan forstå foreldinga. Det held ikkje å vise til KUD sine retningslinjer og NIF sine krav og anbefalingar.
- Tildelingskriteria lokalt må fastsetjast gjennom idrettsrådet sitt årsmøte. Dersom tildelingskriteria må endrast etter årsmøtet, må anten årsmøtet gi fullmakt til at styret gjer endringar, eller så må det haldast ekstraordinært årsmøte.
- Idrettsrådet si fordeling må gjennomførast etter 15. august og før 15. november. Om fordelinga ikkje er innsendt innan fristen, vil midlane bli overført til den nasjonale potten som skal fordelast påfølgande år.
- Minste beløp til fordeling skal vere 1000 kr per idrettslag som har aktivitet for barn og/eller ungdom. Idrettsrådet skal fordele pengane i heile kroner.
- Idrettsråd skal ikkje kutte i tildelinga til idrettslag som har medlemmer frå ein annan kommune, dersom dei bur i nærleiken av idrettslaget og har dette idrettslaget som

naturleg tilhaldsstad. Dersom idrettsråd møter andre problemstillingar seg imellom, krev NIF at dei respektive idrettsråda i fellesskap finn gode og praktiske løysingar.

- Idrettslag som ikkje har aktivitet for born og ungdom, skal ikkje ha midlar, sjølv om dei gjennomfører rekrutteringstiltak retta mot born og ungdom.
- Idrettsrådet skal ikkje tildele midlar til lag og foreiningar som bruker idrett for å fremje sekundære formål eller der overskotet blir tatt ut av private eigarar.

NIF sine anbefalingar

- NIF anbefaler å bruke medlemstal som grunnlag for tildelinga.
  Kvaliteten på aktivitetstala kan variere. Medlemstala er meir einstydige. Idrettsrådet kan heller vurdere å nytte ei ekstra vekt på talgrunnlaget til idrettslag som organiserer fleire idrettar (fleiridrettslag), for på den måten å gjere det lønnsamt å organisere og legge til rette for fleire idrettar.
  NIF er i prosess med å omdefinere aktivitetstala, så på sikt kan aktivitetstala bli meir rett å bruke. Dette vil tidlegast vere aktuelt frå 2021.

- NIF anbefaler at ungdom skal prioriterast høgare enn born.
  F.eks. at ⅓ av totalbeløpet som idrettsrådet har til rådigheit, vert fordelt basert på tal born, og ⅔ av totalbeløpet vert fordelt basert på tal ungdom.
- Ordninga skal ikkje påføre laga ekstra byråkrati utover det som er nødvendig for å oppfylle dei vedtak som er fatta av styret og årsmøtet i idrettsrådet. NIF anbefaler ikkje søknadsordning for idrettslag.

Basert på desse retningslinjene, krava og anbefalingane frå KUD og NIF, foreslår Ørsta idrettsråd desse fordelingskriteria:

1. 5 % øyremerkast aktivitet for funksjonshemma
2. 5 % øyremerkast allidrett born og allidrett ungdom (tidlegare idrettsskule)
3. ØIR anbefaler at Idrettslaga øyremerker 10 % til ein fordelingspott som kan dekke utgifter til born som står i fare for å måtte slutte i idretten p.g.a. for stort økonomisk press på familien.
4. Resterande pott blir fordelt slik: ⅓ til born 6-12 år og ⅔ til ungdom 13-19 år.
5. ØIR anbefaler at laga bruker desse pengane til å kunne ha lågast mogleg treningsavgifter for medlemmane sine.
6. Må vere aktivitet minimum 20 veker i året for å kunne få tildeling.

Desse fordelingskriteria skal åreleg revurderast under årsmøtet til idrettsrådet.

Sist vedtatt i årsmøte: xx.xx.2020